

Vinteren slepp taket, vipa er her!

18.03.2010



Vipe like ved brua i ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Endeleg tyder alt på at vinteren slepp taket også på våre kantar. I dag har det vore 8-10 plussgrader i dalen og snøsmeltinga har kome skikkeleg igang. Vassdammane veks og vassføringa i elva, som har vore minimal i heile vinter, har verkeleg teke seg opp i løpet av dagen.**



Vinteren slepp taket over elva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Og ikkje nok med det, mellom dei skikkelege vårtagna har vi i dag også notert oss at vipa er på plass. Ho vart observert millom snøflekkene like ved bruhaugen i ettermiddag, tett inntil ein veksande smeltedam.

Eit sikrare og meir kjærkome teikn på at våren er i anmarsj er det vanskeleg å finna på Vestlandet, les vi i fuglebøkene. Allereie før jordene er skikkeleg snøberre skapar vipa vårstemning med sine optimistiske låtar og kåte kast under himmelkvelvingen.

Men vipa gjer seg ikkje gjeldande berre på våre kantar, ho har vorte ein ganske vanleg fugl på åkermarkene over heile Sør-Noreg. Ho er heile året bunde til kulturlandskap og ope mark, der ho også finn maten sin og hekkar. Menyen er vesentleg insekt, meitemark, snegler, frø og plantedelar.

Utpå hausten og seinast i oktober-november, dreg vipa ut av landet mot varmare stader. Ho dreg' mot kontinentets kyster', står det i fuglebøkene.

Av Ola Matti Mathisen